



Arkivnr: 2017/1128-1

Saksbehandlar: Marit Virkesdal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	13/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	30/17	14.03.2017
Utval for opplæring og helse		19.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

**Disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren 2017****Samandrag**

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 39,25 millionar i investeringsmidlar som vert fordelt, 5 millionar til planmidlar skulebruksplanen, 30 millionar til større undervisningsutstyr, og 4,25 mill som skal gå til utstyr på skular med yrkesfaglege studieretningar. Tabellen syner forslag til fordeling.

Kategori	Sum
Skulebruksplanen - planmidlar	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
IT og telefoni	10,70 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,25 mill kr
Totalt	39,25 mill kr

**Forslag til innstilling**

Investeringsmidlar for 2017 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Skulebruksplanen – planmidlar 5,00 mill kr
  2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular 17,78 mill kr
  3. Utstyrsmidlar fagskular 1,52 mill kr
  4. IT og telefoni 10,70 mill kr
  5. Utstyrsmidlar yrkesfag 4,25 mill kr
- Totalt 39,25 mill kr

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring opprioritere midlane til område der det er større behov.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

1 Investeringsbehov ved Fagskolen i Hordaland 2017

## **Fylkesrådmannen, 05.02.2017**

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 39,25 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 5 millionar som i budsjett 2017 er omtala som «Skulebruksplan - planmidlar» og 30 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr», og dessutan ekstraløyvinga på 4,25 millionar kroner til å «Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane (yrkesfag sokbar pott)».

Dei siste åra har prosedyren vore at dei vidaregåande skulane og fagskulane som har trong for utstyr, søker opplæringsavdelinga om investeringsmidlar. Avdelinga vil i 2017 gå gjennom og vurdere motteknønne søknader 2 gonger (i april og september). Søknadene vert vurdert mot generelt behov, krav i læreplanar og strukturelle endringar, til dømes nye utdanningstilbod.

Frå 2012 vart utstyrspotten i driftsbudsjettet som fylkesdirektør opplæring disponerte, kraftig redusert. Ein er difor no avhengig av å bruke investeringsmidlar for å kunne tildele midlar til dei utstyrsføremåla som skulane har behov for.

Skulane melder om eit stort etterslep og behov for investeringar i diverse utstyr. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore møblar og inventar, kjøp av transportmiddel, fornying av utstyr til ulike utdanningsprogram og diverse IT og telefoni. I 2016 summerte innmelde behov til opplæringsavdelinga knytt til investeringsmidlar seg til i overkant av 101 mill kr. Med strammare driftsbudsjett, er det forventa at behovet for investeringsmidlar er minst like høgt i 2017.

## **Skulebruksplan - planmidlar – 5 millionar kroner**

Skulebruksplanen har plan for framdrifta av investeringane i opplæringssektoren, og i budsjett 2017 er det løyvd 5 mill til planlegging og koordinering av dette arbeidet. Eigedomsavdelinga vil i hovudsak disponere desse midlane til tidleg planlegging av nye prosjekt i tråd med plan for framdrift og investering i skulebruksplanen. Eventuelle utgifter opplæringsavdelinga vil ha til planlegging og analyse i samband med skulebruksplanen, vil i samråd med eigedomsavdelinga også bli dekka av desse midlane.

## **Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane – 17,78 millionar kroner**

### **Inventar og utstyr vidaregåande skular**

Av totalt innmeldt behov til opplæringsavdelinga på 101 mill kr i 2016, kom søknader tilsvarende 87 mill kr frå dei vidaregåande skulane. Ein forventar at det også i 2017 vil kome søknader på langt høgare beløp enn budsjettet. Fylkesdirektør opplæring vil difor i april og september prioritere mellom dei ulike skulane etter behov.

### **Vidareføring av investeringar frå 2016**

Os vidaregåande skule fekk i 2016 tildelt 1,5 mill kr til innkjøp av ny buss. Denne leveransen vart forsinka og kunne ikkje leverast i 2016. Fylkesrådmannen ser det som tenleg å prioritere dette prosjektet i 2017.

### **Utstyr til nye og/eller rehabiliterete skular**

Bergen katedralskole er under ombygging/rehabilitering. I samband med dette er det behov for å investere i nytt AV-utstyr og nye møblar. Det som ikkje vert dekka inn av prosjektet, må prioritast av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar til utstyr.

Ved ei eventuell flytting av Bergen katedralskole, avdeling Kyrre, må ein rekne med å bruke noko av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar til innkjøp av nødvendig utstyr til nye lokale.

Odda vidaregåande skule er under rehabilitering, og prosjektet vert truleg ferdigstilt tidleg i 2018. Skulen vil i denne samanheng ha behov for ein del nytt utstyr. Utgiftene til nytt AV-utstyr vil truleg kome i 2017, medan anna utstyr først vil bli kjøpt inn i 2018.

Arna vidaregåande skule er under rehabilitering og har i samband med dette behov for noko nytt utstyr både i 2017 og 2018.

Nokre skular starta nye utdanningsprogram hausten 2016. Frå hausten 2017 vil det derfor vere to kull på desse programma. Dette kan generere behov for noko ekstra utstyr.

Fylkesrådmannen ser det som tenleg å prioritere desse prosjekta i 2017.

## **Utstyrsmidlar fagskulane – 1,52 millionar kroner**

Av investeringsbudsjettet til opplæringsavdelinga knytt til utstyr på 35 millionar blei det i 2015 tildelt 7 millionar til fagskulane. Dette utgjorde 20 % av budsjettet. I 2016 fekk fagskulane tildelt 5 millionar av opplæringsavdelinga sine 37 millionar knytt til investeringar. Dette utgjorde 13,5 % av budsjettet.

Fagskolen i Hordaland melder om behov for ytterlegare investeringar på totalt 7,52 millionar (jfr vedlegg). I 2017 vert det foreslått å tildele kr 1 520 000 til fagskulen. Dette er i tråd med kostnadsoverslaget på 4 av 5 investeringar skulen søker om. Den femte investeringa har ein kostnad på 6 millionar, og med tanke på det store investeringsbehovet ved dei vidaregåande skulane finn fylkesrådmannen ikkje at det er rom for å tildele Fagskolen i Hordaland meir enn 1,52 mill i 2017. Fagskolen i Hordaland vil i forkant av budsjettet 2018 utarbeide ein investeringsplan.

## **IT og telefoni – 10,7 millionar kroner**

I samarbeid med IT-seksjonen er det planar for investeringar i infrastruktur på skulane.

### **Switchar**

Det er behov for å oppgradere «switchar» ute på skulane for å få bukt med flaskehalsproblematikken vi har på sambandet mellom skulane og HFK sentralt. Kapasitetsproblema skuldast auka bruk av «skytenester», og denne investeringa i «switchar» vil vere ei førebuing til å kunne ta i bruk IP-telefoni ute på skulane. Det vart investert 2 millionar i «switchar» i 2016, og i 2017 vil ein ha behov for ytterlegare 2 millionar til same føremål.

### **Aksesspunkt**

For å sikre godt nettsamband ute på skulane er det behov for å investere i nye aksesspunkt.

Nettaksesspunktene ute på skulane har ei levetid på fem år. Dei eksisterande aksesspunktene er på veg ut av marknaden og kan ikkje erstattast, men det vil vere support-tjenester fram til 2020. Dette betyr at alle 2000 punkt må skiftast ut dei neste åra. Berekna totalkostnad er ca 10 mill kr. IT-seksjonen ynskjer å gjere denne utskiftinga over ein så kort tidsperiode som mogleg, men dei økonomiske rammene gjer at fylkesrådmannen rår til at ein budsjetterer med 3 mill kr til dette formålet i 2017, 5 millionar kr i 2018 og 2 mill kr i 2019.

### **Telefoni**

I 2016 vart det løyvd 1 million kr til kjøp av IP-telefonar. Det er behov for ytterlegare investeringar knytt til telefoni på skulane. IT-seksjonen og opplæringsavdelinga vil i samarbeid sjå på kva løysing som er mest tenleg for blant anna å ivareta funksjonalitet knytt til autentisering av brukarar til aktuelle datasystem. Estimert kostnad er 0,5 mill kr i 2017.

### **Utskifting av lærar-PC-ar**

Kvar år er det behov for å skifte ut om lag ein tredjedel av PC-ane til lærarane. I 2017 er planen å skifte ut i overkant av 800 PC'ar. Dette er tilsvarande som i 2016. Estimert kostnad er i overkant av 5,2 millionar.

## **Utstyrsmidlar til vidaregåande skular med yrkesfaglege studieretningar – 4,25 millionar kroner**

I budsjett 2017 vart det vedteke å løyve 4,25 mill kr til læreremidlar og utstyr til skular med yrkesfaglege studieretningar, og at dette skal vere ei søkbar ordning for skulane.

Når det vert sendt ut informasjon til skulane om søknadsfristar knytt til investeringsmidlar vil det bli presisert at dei må spesifisere i søknaden kva utdanningsprogram dei søker om investeringsmidlar til. Desse midlane vil så verte fordelt på skular med yrkesfaglege studieretningar ut ifrå behov.

**Oppsummering:**

Fylkesrådmannen rår til at midlane til investeringar i utstyr til opplæringssektoren vert fordelt slik:

Kategori	Sum
Skulebruksplanen - planmidlar	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
IT og telefoni	10,70 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,25 mill kr
Totalt	39,25 mill kr